

Kontrollutvalet i Luster kommune

Sak 4/2017 Forvaltningsrevisjon "Økonomi og prosjektstyring"

Sakshandsamar
Maren Lien

Møtedato
7.2.2017

Saknr
4/2017

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte.

Forvaltningsrevisjonen viser at Luster kommune har gitt ein del overordna føringar for økonomistyring gjennom sentrale styringsdokument. Gjennom delegasjonsreglementet og økonomireglementet er det etablert tydelege prinsipp for overordna ansvar og mynde både for økonomistyring generelt og for investeringsprosjekt. Samtidig viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har utarbeidd retningsliner og rutinar for sentrale oppgåver og prosessar knytt til verken økonomi- eller prosjektstyring.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i undersøkinga:

1. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som tydeleggjer innhaldet i ansvar og oppgåver knytt til oppfølging og justering av budsjett, mellom anna tydeleggjer krav til kontroll og oppfølging av budsjett opp mot rekneskap.
2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar for prosjektstyring, som omfattar alle prosjektfasar frå prosjektinitiering til –avslutning.
 - a. Formaliserer rutinar for budsjettering og økonomistyring i investeringsprosjekt
 - b. Tydeleggjer krav til gjennomføring av risikovurderingar av budsjett
 - c. Tydeleggjer krav til rapportering både til administrativ leiing og politisk nivå, som både omfattar kva tid det skal rapporterast og til kva organ, innhald i rapporteringa og form
 - d. Etablerer rutinar for evaluering av ferdigstilte investeringsprosjekt
3. Avklare og tydeleggjere kva rolle og ansvar økonomiavdelinga generelt og økonomisjef spesielt skal ha i samband med investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgd opp vurdert inn det vidare arbeidet for å sikre god økonomi og prosjektstyring i Luster kommune framover.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2017.

Rapporten vert oversendt til kommunestyret til orientering.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	30.01.2017	Deloitte	Oversending av rapport – Forvaltningsrevisjon av økonomi- og prosjektstyring
2	30.01.2017	Deloitte	Forvaltningsrevisjon Luster kommune ”Økonomi og prosjektstyring”

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon knytt til ”Økonomi og prosjektstyring.” i samsvar med vedtak i kontrollutvalet sak 15/16.

Ordlyden i overordna analyse av forvaltningsrevisjonsprosjektet er slik:

Økonomi og prosjektstyring

Luster kommune er ein kommune med god økonomi grunna kraftinntekter, men som ligg på eit høgt kostnadsnivå samanlikna med andre kommunar. I kommunebarometeret for 2015 er det nøkkeltala på kostnadsnivåa som trekker mest ned. Kommunens netto driftsresultat er svakare i 2015 enn i 2014, og nøkkeltalet ”netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene” var i 2015 1%, mot 1,3 % i 2014. KS og Kommunal- og regionaldepartementet har ein anbefaling på 1,75%, og måltalet er soleis ikkje oppnådd.

Det er indikasjonar på at budsjett- og rekneskapsarbeidet krev større grad av nøyaktigheit, med ein del budsjettpostar som vert oppdaterert eller teke inn i revidert budsjett. I årets revisjonsmelding skrev revisor:

Utsegn om andre tilhøve

Grunnlag for atterhald om budsjett

Etter kommunelova § 45 er det berre kommunestyret sjølv som kan gjera endringar i budsjettet, og departementet har uttalt at budsjetteringa skal gjennomførast med beløp. I kolona endelig budsjett i skjema 1A og 1B har administrasjonen gjort endringar i samsvar med merknader til budsjettet, utan at dette har vore handsama i kommunestyret. Bruk og avsetning til fond er også gjennomført på bakgrunn av desse endringane. Desse endringane er nærare omtalt under rekneskapsprinsipp i note til rekneskapet.

Det har vore eit attgåande problem i fleire år at kommunen brukar eller avsett til disposisjonsfond utan at kommunestyret har gjort budsjettendringar.

Det er viktig å sikre at kommunen har tilstrekkeleg kompetanse og system for å kontinuerleg holde oversikt over den økonomiske tilstanden gjennom året, og rapportere til politisk nivå. Dette gjeld både i drift og i prosjekt, og sikrar at politikarane kan treffe vedtak basert på rett økonomisk grunnlag. I kva grad er økonomiavdelinga involvert i prosjekter og nærings saker som har økonomisk konsekvens og effektar? Kva for rutinar eksisterer for å sikre at prosjekt (og prosjektleiar) holdar seg til sitt vedtekne budsjett?

Gjennomføring:

Kontrollutvalet har nytta Deloitte til forvaltningsrevisjon av økonomi og prosjektstyring i samsvar med rammeavtale. Føremål og problemstillingar i godkjent prosjektplan er følgjande:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke og vurdere kommunen sine system og rutinar for økonomi- og prosjektstyring. Følgjande problemstillingar vil bli undersøkt:

1. *I kva grad har kommunen tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over den økonomiske tilstanden gjennom året, og sikre tilfredsstillande rapportering til politisk nivå?*
 - a) *I kva grad har kommunen tilfredsstillande system og rutinar for å følgje opp og gjere justeringar i budsjettet, og for korleis dette skal meldast til politisk nivå?*
 - b) *I kva grad blir kommunen sitt disposisjonsfond forvalta i samsvar med gjeldande føringar (2015/2016)?*
2. *I kva grad er det etablert tilstrekkelig med rutinar for å sikre at prosjekt held seg innanfor vedtekne budsjett?*
 - a) *I kva grad har kommunen etablert felles rutinar for prosjektstyring?*
 - b) *I kva grad er det etablert rutinar for budsjettering og økonomistyring i prosjekta, herunder for gjennomføring av risikovurderingar av budsjetta?*
 - c) *I kva grad er det etablert rutinar for at økonomiavdelinga blir involvert i prosjekt med vesentlege økonomiske konsekvensar?*
 - d) *I kva grad er det etablert*

Kontrollutvalssekretariatet mottok rapport frå forvaltningsrevisor den 30.01.17.

Rådmannen har uttalt seg til rapporten og hans uttale ligg som vedlegg 1 rapporten.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Luster kommune sett i verk følgjande tiltak:

4. Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar som tydeleggjer innhaldet i ansvar og oppgåver knytt til oppfølging og justering av budsjett, mellom anna tydeleggjer krav til kontroll og oppfølging av budsjett opp mot rekneskap.
5. Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar for prosjektstyring, som omfattar alle prosjektfasar frå prosjektinitiering til –avslutning.
 - e. Formaliserer rutinar for budsjettering og økonomistyring i investeringsprosjekt
 - f. Tydeleggjer krav til gjennomføring av risikovurderingar av budsjett
 - g. Tydeleggjer krav til rapportering både til administrativ leiing og politisk nivå, som både omfattar kva tid det skal rapporterast og til kva organ, innhald i rapporteringa og form
 - h. Etablerer rutinar for evaluering av ferdigstilte investeringsprosjekt

6. Avklarer og tydeleggjer kva rolle og ansvar økonomiavdelinga generelt og økonomisjef spesielt skal ha i samband med investeringsprosjekt.

For øvrige detaljar vert det vist til samandraget og rapporten elles.

Forvaltningsrevisor vil presentere rapporten i møtet.